



Pressemelding 16. november 2020

Positiv test ved Grasdal skule

Store deler av mellomtrinnet ved Grasdal skule må i karantene, etter at ein person knytt til Grasdal skule har testa positivt for koronavirus.

- Ved Grasdal skule skal alle elevar i 5., og 6. trinn no i karantene. Det same gjeld og for den eine 7.-klassen, seier Kristin Moe, kommunalsjef for oppvekst i Alver kommune.

Elevane skal vere i karantene til og med 23. november.

Heimeskule framover

Måndag 16. november testa ein person som er knytt til Grasdal skule positivt for koronavirus. Som følgje av den positive testen blir det heimeskule for dei fleste elevane på mellomtrinnet den neste veka.

- Også 4. trinn skal ha heimeskule framover. Dei yngste elevane, frå første til tredje trinn, samt den eine 7. klassen kan komme på skulen som normalt, seier Moe.

Føresette har fått beskjed frå skulen om barna skal i karantene, ha heimeskule, eller kan komme på skulen som normalt.

Kartlegging

No arbeider koronasenteret til Alver kommune med å kartleggje nærkontaktane til personen som har testa positivt.

- Koronasenteret følgjer opp nærkontaktar til personen som har fått påvist koronavirus, seier assisterande kommuneoverlege Kjetil Lorentsen.